



Universitets- og høgskolerådet

Stortorvet 2
0155 OSLO

Deres ref

Vår ref

2024/10425-TOVST

Dato

25.09.2024

Høyringsvar frå UiB: Forslag til nasjonale retningslinjer for lektorutdanning 8-13 og PPU

Innleiing

Universitetet i Bergen viser til høyringsbrev datert 15.08.2024 frå Universitets- og høgskolerådet (UHR) med forslag til nasjonale retningslinjer for lektorutdanning 8-13 og praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Saka har vore på internhøyring ved relevante fakultet, og har vore drøfta i felles programstyre for lektorutdanning ved UiB. Vi gir nedanfor tilbakemelding til dei spørsmåla som er nemnde i høyringsbrevet.

Innleiingsvis vil vi òg påpeike at denne saka har vore gjennom ei grundig handsaming i nasjonalt fagorgan for lektorutdanning og PPU, med både internhøyring og med seminardag. Dei ulike UH-institusjonane har såleis hatt høve til å gi sitt syn undervegs i arbeidet med retningslinjene. Vi oppfatar det slik at det gjennom prosessen er etablert ein konsensus i dei relevante fagmiljøa om innhaldet.

1) Er det en god balanse mellom nasjonal koordinering og hensyn til institusjonelt handlingsrom og lokale løsnings?

Lærer- og lektorutdanningane blir i dag styrt av ei rad ulike styringsverkemiddel med rammeplanar som dei viktigaste. Dagens rammeplanar viser til at det skal utarbeidast nasjonale retningslinjer, men spesifiserer ikkje innhald og form i retningslinjene, anna enn å vise til at rammeplanar og retningslinjer skal vere utgangspunkt for institusjonane sitt arbeid med studieplanar. Desse relativt ope føringane opnar for at ulike lærarutdanningar kan utforme retningslinjene på ulike måtar, og det ser vi på som rimeleg. Såleis ser vi t.d. at dei retningslinjene som gjeld for lektorutdanning 8–13 og for PPU-A er mindre detaljerte og mindre instruerande enn dei som gjeld for GLU 1–7 og GLU 5–10, og tillegg er desse mindre omfattande i omfang. Desse ulikskapane skuldast truleg ulike tradisjonar for styring ved ulike utdanningar og UH-institusjonar.

Slik vi ser det, står framlegget til nye nasjonale retningslinjer for lektorutdanning og for PPU i samsvar med den tradisjonen dei har stått i, og som vi vil støtte. Endringane består særleg ved at tekstane er korta ned og at dei fokuserer på sentrale omgrep, prinsipp og reglar som

er formulerte i rammeplanen. Dette grepet ser vi på som føremålstenleg – det uttrykkjer det generelle synet som fagmiljøet har på tolkinga av viktige spørsmål i lektor- og PPU-utdanningane. Slike tolkingar kan ha ein styringsfunksjon, men det er ei meir indirekte, dynamisk og fagfellebasert styring enn den som skjer gjennom rammeplanar.

Vi oppfattar såleis framlegg til nasjonale retningslinjer som tenleg i høve til rammeplanen, og at dei gir tilstrekkeleg innspel til nasjonal koordinering og institusjonelt sjølvstyre.

2) Hvordan fungerer retningslinjene som støtte for nyskaping og lokalt eierskap i programmene ved lærerutdanningsinstitusjonene?

Vi oppfattar det fortolkande aspektet ved nasjonale retningslinjer som mest verdifullt på den måten at det kan gi innspel til utforming og praktisering av studieplanar.

3) Hvordan fungerer retningslinjene som standarder for kvalitet i lærerutdanningene, særlig med henblikk på kvalitet i ulike typer studietilbud (campusbasert, fleksibel, desentralisert og nettbasert)?

Det er først og fremst rammeplanen som har til oppgåve å gi føringar i form av standardar. Dei nasjonale retningslinjene skal tolke og utfylle desse standardane. *Det* kan i nokre tilfelle bety å kome med konkrete operasjonaliseringar. Eit døme på det handlar om kravet til skikkavurdering. Vi støttar formuleringa i framlegg til nasjonal rammeplan om at for at institusjonen skal kunne vurdere om studentane er skikka, må delar av studiet gjennomførast med fysisk oppmøte. Det handlar nettopp om å sikre den nasjonale standarden knytt til skikkavurdering. Slik vi ser det, må overordna nasjonale kvalitetsprinsipp i eit slikt tilfelle vere overordna lokale tilpassingsønske. Sidan det er spesifikt spurd om dette spørsmålet, vil vi markere at vi ønskjer at det som er formulert i pkt. 4.2 og 4.3 skal bli ståande i teksten.

Vi vil elles meine at det som andre stader er formulert som kvalitetstiltak, er tilstrekkeleg presisert formulert, og viser igjen til den grundige prosessen som har vore i arbeidet med denne saka.

Vennlig hilsen

Margareth Hagen
rektor

Tore Tungodden
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevne signaturer.